

## Protokoll frå årsmøtet

Sel SV, søndag 31.01.21, kl. 17 på Aktivitetshuset, Otta

Leiar Anne-Brit Bismo ynskte velkome, opna møtet og fylgde opp med konstituering.

### 1. Konstituering

- Godkjenning av innkalling og sakliste
- Vedtak: godkjend
- Val av møteleiar og sekretær
- Vedtak: møteleiar Truls Gjefsen og sekretær Inga Marie Norderhus
- To til å skrive under protokollen
- Vedtak: Gerd Galgerud og Kjell Madsen

### 2. Årsmelding

Truls Gjefsen las opp årsmeldinga.

Vedtak: Årsmeldinga vart godkjend med følgjande tillegg: Dette året har Sel SV hatt spesielt godt samarbeid med Vågå SV. Sel SV har gjeve kr 5000,- for å få fløtt statua til minne om Olav Kringen, tilbake til Jernbaneparken på Otta.

### 3. Rekneskap

Gerd Galgerud gjekk gjennom det revidert rekneskapet.

Vedtak: Det vart samrøystes vedteke.

### 4. Budsjett

Gerd Galgerud la og fram forslag til budsjett.

Vedtak: Det vart samrøystes vedteke.

### 5. Arbeidsplan for 2021

Vedtak: Godkjend med følgjande tillegg. Vi må vera med på 1.mai feiring i høve til smittesituasjonen i landet,

6. Inkomne saker: Det var ikkje kome inn saker som skulle opp på årsmøtet.

7. Val. Dei som er på val er leiar Anne-Brit Bismo og styremedlem Marit klinkenberg.

Vedtak: Anne-Brit Bismo er samrøystes vald for 1 år. Marit Kleinkenberg er vald som styremedlem for 2 år. (Ho har nå permisjon og varamedlem møter fast i styrer.)

Anne Lise Fredlund, fylkesleiar i Innlandet SV, var med på møtet og orientere om kva som skjer i fylkeslaget. Ho orienterte om sløyfeaksjon: «sløyf rasisme», årsmøtet, førebuing til valkamp med viktige saker vi må ta opp der.

Vi hadde og pause der vi drakk kaffe og åt kaka før vi starta aksjoen «sløyf rasisme» ved å knytte sløyfer på Aktivitetshuset.

Etter at årsmøtet vart avslutta valde styre delegat til fylkesårsmøte i Innlandet SV: Truls og Anne-Brit. Vi informerte og om 3 saker som må takast oppatt i styret.

Vi fylgde smittevernreglane. Styremøte hos Gerd Galgerud 9.februar.

Gerd Galgerud

Kjell Arne Madsen